



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## Miljøvernavdelinga

Saksbehandlar: Bjarne Nes, tlf. 57 65 51 49

## Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2008/1450

### Informasjon om verksemda

Namn: Gloppe kommune	Dato for inspeksjonen: 03.06.2008
Adresse: Grandavegen 9, 6823 Sandane	Telefon: 57 88 38 00
Besøksadresse: Grandavegen 9, Sandane	Organisasjonsnr.: 964 969 124
Kommune/kommunenr.: Gloppe / 1445	Bransjenr. (NACE-kode): 75.110

### Tilstades under kontrollen

<u>Frå verksemda/kommunen:</u> Einar Holmøy Jostein Moldestad Geir Eide Johnny Sæthre	<u>Frå Fylkesmannen:</u> Gunn Helen Henne Bjarne Nes <u>Frå Arbeidstilsynet</u> deltok Tone Botten som observatør
---	---

### Hovudtema for kontrollen

- Status for gjennomføring av nye krav
- Dokumentasjon av storleik på utslepp
- Overløp av ureinsa avløpsvatn
- Prøvetaking
- Risikovurdering
- Avviksbehandling

### Resultat frå kontrollen

Rapporten omtalar eventuelle avvik som vart avdekkja, og merknader som vart gjevne under kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er gjeve på side 2.

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik og gav 3 merknader ved kontrollen.

### Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen pålegg kommunen å gje ei skriftleg tilbakemelding der de gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik. Kommunen vert òg bedt om å kommentere dei tilhøva som er omtalt som merknader

Frist for skriftleg tilbakemelding er: 31.08.2008.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Stad: Leikanger

Dato: 24.06.2008

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Bjarne Nes  
senioringeniør

## Definisjon på avvik og merknader

**Avvik:** Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontollova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjoner.

**Merknader:** Eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å peike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingangsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

## Kontrollaksjonen Avløp 2008

Kontrollaksjonen skal bidra til å verne miljøet mot uheldige verknader frå utslepp av kommunalt avløpsvatn. Målet med aksjonen er å kontrollere at kommunalt avløpsvatn vert reinsa i samsvar med avløpsregelverket. Ved denne aksjonen skal ureiningsstyresmaktene m.a.:

- Kartlegge status for gjennomføring av nye krav.
- Bidra til at nye krav vert gjennomført innan fastsett frist.
- Medvirke til betre datakvalitet

Aksjonen er retta mot avløpsanlegg i større tettstader ("tettbebyggelse"). Med større tettstader er her meint tettstader med samla utslepp større enn 2000 personekvivalentar (pe) til elvemunning og ferskvatn, eller samla utslepp større enn 10 000 pe til sjø. Dette er avløpsanlegg som er omfatta av kapittel 14 i "Forskrift om begrensning av forurensning" (ureinings-forskrifta), der fylkesmannen er ureiningsstyremakt.

## Nye krav til avløpsanlegg

Kapittel 14 i ureiningsforskrifta tok til å gjelde 1. januar 2007. Kapittelet inneholder minimumskrav til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større tettstader. Det er m.a. nye krav til reining, overløp og prøvetaking. Nye reinsekrav tek til å gjelde seinast 31.12.2008. Reinsekrava er avhengig av tilstand i resipienten og kva områdetype den ligg i.

## Informasjon om kommunalt avløp

Meir informasjon og hjelphemiddel om avløpsregelverket finn ein på [www.sft.no/avlop](http://www.sft.no/avlop).

## Resultat av kontrollen.

### Avvik

---

#### **Avvik 1: Internkontrollen på avløpssektoren er mangelfull**

##### **Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, punkt 6.**

Kommentar: Det er ikkje dokumentert gjennomført risikovurdering for ytre miljø-tilhøve ved avløpsanlegget på Byrkjelo slik som kravd i internkontrollforskrifta. Ei risikovurdering må omfatte alle sider ved avløpsanlegget; som leidningsnett, ev. pumpestasjonar og overløp, og drifta ved reinseanlegget. Den skal òg gje grunnlag for å vurdere behovet for ev. risikoreduserande tiltak. For eksempel vil ulike typar uhellspåslepp både frå meieriet og andre kjelder vere ein naturleg del av ei risikovurdering.

#### **Avvik 2: Utsleppskontrollen ved reinseanlegget har manglar, og anlegget oppfyller ikkje alle utsleppskrava.**

##### **Avvik frå: Utsleppsløyve datert 14.10.2002 og § 14-11 i ureiningsforskrifta**

Kommentar: Det vert ikkje teke ut prøver av avløpsvatnet i ferietida om sommaren. Talet på prøver pr år i 2006 og 2007 var mindre enn kravet i utsleppsløyvet og forskrifta.

Prosedyren som er utarbeidd for drift og vedlikehald av Byrkjelo reinseanlegg inneheld òg feil tal prøver. Her står det at driftsoperatøren "tek ut prøver ca 8 (minst 6) pr. år", medan kravet i løyvet og i forskrifta er minst 12 prøver pr år.

Analysane viser at kravet til reining med omsyn på suspendert stoff (SS) ikkje vert oppfylt.

### Merknader

---

#### **Merknad 1: Systemet for avvikshandtering kan betrast.**

Kommentar: Kommunen har innført eit system for avvikshandtering, men "lista" for å skrive avvik synest høg. Det ser heller ikkje ut til å vere tilstrekkeleg avklart kva som skal definerast som avvik, og når avvikshandteringa skal vere skriftleg. Som eksempel er avvik brukt på forhold som gjeld påslepp frå meieriet, men ikkje på forhold som gjeld avløpskontrollen ved reinseanlegget. For eksempel blir ikkje brot på krav til prøvetaking ført som avvik.

#### **Merknad 2: Dokumentasjonen av avløpsmengda tilført reinseanlegget på Byrkjelo er ikkje fullt ut tilfredsstillande.**

Kommentar: Kommunen har utarbeidd og sendt Fylkesmannen ei utrekning av avløpsmengda tilført reinseanlegget på Byrkjelo, rekna i pe. NS 9426 er lagt til grunn for utrekningane som òg byggjer på målingar som er gjort ved anlegget. Utrekningane er usikre av di det er relativt få målingar som er lagt til grunn, og det er usikkert om maksimalveka er oppfanga av desse målingane. Bidrag frå tilført slam frå anna reinseanlegg er heller ikkje rekna med.

### **Merknad 3: Driftspersonellet har ikkje gjennomgått særskilte kurs for drift av avløpsreinseanlegg.**

Kommentar: Forskrifta seier at "Renseanlegget skal dimensjoneres, bygges, drives og vedlikeholdes av fagkyndig slik at det har tilstrekkelig yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for stedet de ligger." I kommentarane til paragrafen står det at "Med fagkyndig menes en person som kan vise til relevant utdannelse, anerkjente kurs eller sertifisering". Dei som i dag er faste operatørar på anlegget har lang erfaring og kjenner anlegget godt, også ved at dei var med under bygging-montering. Eit spesialkurs for drift av avløpsreinseanlegg kan likevel gje viktig kunnskap om m.a. biologiske og kjemiske prosessar i anlegget. Kommunen bør vurdere behovet for kurs/opplæring for operatørane.

## **Andre forhold**

---

### Uttak av avløpsprøver

Uttak av prøver av ureinsa avløpsvatn skjer i eit hjørne i innløppumpestasjonen. Det er generelt god omrøring i ein pumpestasjon, men slik oppsugingsslangen ligg her, kan det vere ei "bakevje" som hindrar at det blir teke representative prøver. Vi viser her til at det skal vere akkreditert prøvetaking frå og med 2009, jf. § 14-11, og føreset at det i den samanheng vert gjort ein gjennomgang av kvar og korleis prøvene vert tekne ut.

### Behov for å oppdatere utsleppsløyvet

Det er ikkje skrive ut nytt utsleppsløyve etter at ureiningsforskrifta vart endra frå 01.01.2007. Dette betyr at både vilkåra i utsleppsløyvet og dei aktuelle forskriftskrava må gjennomgåast for å få oversikt over alle krav som faktisk gjeld for avløpsanlegget. Det er alltid det strengaste vilkåret som gjeld, jf. § 14-17 i ureiningsforskrifta.

Gjeldande løyveskriv frå 2002 omfattar både Byrkjelo og Sandane. Etter det nye regelverket kjem avløpsanlegget på Byrkjelo under kapittel 14, medan anlegget for Sandane kjem under kapittel 13 i ureiningsforskrifta (der kommunen sjølv er myndighet). Kommunen bør vurdere om det er ønskjeleg å få skrive ut eit oppdatert løyvedokument for Byrkjelo spesielt og eit dokument som gjeld Sandane.

### Lagring og merking av kjemikaliar.

Bruk og oppbevaring av kjemikaliar var i utgangspunktet ikkje ein del av kontrollen, men under synfaringa ved reinseanlegget vart det avdekkja feil merking av dunkar for lagring av kjemikaliar. Det var ikkje samsvar mellom den merkinga som var på dunkane og innhaldet som var på dei. Dette galdt m.a. to 1000 liters plastdunkar på utsida av reinseanlegget der flokkuleringskjemikaliar var mellombels lagra.

Ved ev. uhell er det viktig at dei som kjem til staden raskt ser kva for stoff det er snakk om. Feil merking er òg eit brot på "Forskrift om klassifisering, merking mv. av farlige kjemikalier", jf. kapittel IV om Merking.